KVAMMEN (VALLAVIK)

Høgdemeter over havet: omlag 210 / 20 moh

Lengde: ca. 1,8 km ein veg frå Vallavik

Tid: omlag 30 min- til ein time ein veg.

Gradering: Dette er ein middels tur.

Vegskildring:

1: Start turen frå Kvammen: Ta av mot Djønno og Tjoflot ved Vallaviktunnelen, køyr gjennom Djønnotunnelen. Kvammen ligg på oppsida av vegen ca 200m etter tunellen. Parker i Kvammen der det er eit par lommer ein fint kan stå, anten på toppen av bakken, eller nede langs kanten.

Det er ny tydeleg merka sti der tuftene står, og vi har hengt opp turkasse .

Det er særs bratt opp, og du går over fleire bergalag. Det er tau ein plass der du kjem rett opp til ein ørnestasjon/ kamera med åte lagt ut, for å registrere ørn. Her finn du og to «kamuflerte telt» , stien går til venstre forbi her. Vis omsyn og respekt for denne observasjonsposten.

Stien flatar noko ut etter desse telta, før den går bratt ned mot bekken/elva du skal krysse. Herifrå går stien særs bratt oppover før den rundar eit flatare parti, og du er oppe på Kamben. Her møter stien skogsvegen frå Vallavik.

Stien vidare oppover går til Dalsete. Går du stien nedover kjem du til Vallavik og brutårnet/parkeringsplassen. I Vallavik har vi turkasse for turen over Hardangerbrua. Då kan du gå over brua om du vil ha ein ekstra tur.

2: Start turen i Vallavik: Køyr til Vallavik/ brutårnet og parker her, sjå skilt. Turen startar til høgre, rett opp skogsvegen i ca. ein liten halvtime. Skogsvegen vidare går til Dalsete, men du tar av til venstre. Her står det skilt Kamben, og pil mot Kvammen. Du går over Bjørgaberget og over Vetletunnelen/ Djønnotunnelen. Stien er merka raud og med pinnar. Det er flatt i starten før stien går bratt nedover. Du går vidare nedover i lett terreng med flott utsikt. Det

er særs bratt nedover til der du skal krysse elva. Stien betrar seg noko før du kjem til ørneposten. Herifrå på framsida går stien rett ned berget og du må halde deg fast nokre stader. Stien går over fleire bergalag nedover før du brått er nede der turkassa vår heng. Du høyrer den store Kvammaelva når du går nedover, men denne skal du ikkje krysse. Du er no ved den eine husmannsplassen i Kvammen som Paul Wallevik eig. Det er flott utsikt over fjorden og Hardangerbrua.

Det er stor trafikk i området, så vær obs om du må krysse vegen!

Nb! Ikkje gå i eller over slåtteenga.

Turtips 1: Gå til Dalsete, stølen til Vallavik og Hallanger

Turtips 2: Gå eine vegen opp, og andre vegen ned.

Det er IKKJE tilrådeleg å gå gjennom Vetletunnelen/Djønnotunnelen, det er stor trafikk og ikkje lys.

Dette er ein fin vårtur!

Besøk og gjerne det unike museet til Paul Wallevik 8 tlf. 95214338 «Fotografen ved fjorden» og sjå dei flotte bileta når du først er i Vallavik.

GOD TUR!